



Presentasjon av klatrepark

levert av Klatrejungel AS

2018

Rune Berge

99 20 50 90 | rune@klatrejungel.no

 **klatrejungel.no**



Innhold


-  3 Presentasjon av klatreparken
-  5 Kvifor velje klatrepark levert av Klatrejungel AS
-  8 Moduloversikt
-  10 Skisser
 - # 1 - Moduloversikt
 - # 2 - Planteikning (Målestokk: 1:100)
 - # 3 - Snitt (Målestokk: 1:100)
 - # 4 - Perspektiv A
 - # 5 - Perspektiv B
-  15 Skildring av produkt og funksjon
 - Den originale klatreparken
 - Planlagt for å skape aktivitet
 - Topp kvalitet på alt utstyr
 - Miljøprofil
-  20 Om firma Klatrejungel AS

*Det er gjennom kropp og rørsle at ho eller han
tek til å utvikle og etablere evne til kommunikasjon.
Alt dette som det unge mennesket opplever,
samlar seg til ein dans — til livets dans.*

Miriam Donath Skjørten



**Det er høve til å kopiere frå denne presentasjonen til bruk i interne skriv.
Viss ein ynskjer å nytte materiellet på anna vis,
må ein innhente skriftleg løyve til det frå Klatrejungel AS.**



Presentasjon av klatreparken

Målestokk på skissene

Teikning nr. 2 og 3 er i målestokk. Perspektivskissene er ikkje i målestokk. Ved utskrift frå pdf-fil, pass på å velje "opprinneleg storleik" så målestokken blir rett.

Storleikar

Storleik: Maksimum lengde og breidde: om lag 23,5 x 10 meter

Tryggingssområde: ca 280 m², dvs område med fallunderlag som går 1 – 2 meter utom modulane.

Tal modular: 23

Nokre er ganske enkle i utforming, andre er meir samansette.

Stolpane

Dei er av god, norsk furu. Stokkane er barka for hand og forma på stokkane blir tatt i vare så dei får ei skulpturell utforming. Dei er impregnerte i rotenden og i toppen og påført to strok brun beis.

Form på modulane

Taumodulane er laga med meir eller mindre slakk for å gjere forsering meir utfordrande. Taua og netta ser i skissene stramare ut enn dei er i røynda.

Fargen på modulane


Fargen på modulane kan tilpassast etter kunden sitt ynskje. Fargevalet som er gjort på teikningane, er såleis ikkje bindande.

Kunden kan velje mellom fylgjande fargar: hamp, svart, lys grå, raud, grøn, gul og blå.

Tilnærma vandalsikkert materiell

Tauverket, 16 mm tjukt, består av seksslått polyestertau og kvar kord har ei kjerne av 2,5 mm tjukk stålwire. Dette gjer tauverket svært solid og det er svært motstandsdyktig mot hærverk. Skulle det likevel skje nokon skade, er det kurant å fikse dette med tilgjengeleg reparasjonsutstyr.

Tauverket er og svært bestandig i høve til fargebleiking og UV-påverknad.





Garanti

Alt materiell levert av Klatrejungel AS, er utforma og montert i samsvar med gjeldande forskrift ("Forskrift om sikkerhet ved lekeplassutstyr") og tilhøyrande standard (Standard NS-EN 1176 og 1177).

Nettutstyret vil ha svært liten forringande slitasje og vil ved normal bruk, halde i fleire tiår. Klatrejungel AS gir 10 års garanti mot svikt som følgje av material- eller fabrikkasjonsfeil. På slitedelar som sjaklar og augemutrar er det 5 års garanti. Garantien føreset tilsyn i samsvar med gjeldande standard. Garantien gjeld ikkje for skader som har oppstått ved misbruk eller hærverk. Ved reklamasjon blir nye deler dekkja. Arbeidet ved utskifting må kunden ta sjølv.

Fallunderlag

Som standard nyttar vi kutterflis/industriplis som fallunderlag. Kutterflis er oppkutta treverk med storleik på bitane på 3-8 cm. Flisa er tiltalande og reinsleg i bruk, den passar saman med materialbruken i parken og den er enkel å vedlikehalde. Flislaget forringast lite over tid og vil vare i mange år. Viss kunden ynskjer anna fallunderlag, må det i samanheng med bestilling, gjerast avtale om dette med omsyn til type, leveranse og pris.

Tilkomst for rørslehemma

Klatreparken er ikkje spesielt tilrettelagt for rørslehemma, men tilkomsten inn i området kan gjerast lett for rullestol, ved å lage til gater inn til nokre av modulane. Vi brukar gummihele som toppdekke på desse gatene. Dei er støtabsorberande, så dei vil ikkje kome i konflikt med fallunderlaget elles.


Slik tilkomst vil vere viktig for å unngå fysisk utestenging av rullestolbrukarar. Mange av netta og ballanseelementa vil på ulikt vis kunne brukast av rørslehemma, alt etter dei fysiske føresetnadane.

Viss ein ynskjer slike gater, tilrår vi å legge dei fram til modul 1, 11 og 20. Det er ikkje tilrådeleg å legge gater fram til modular med stor høgde eller tvers gjennom klatreparken. Dette kan skape fårlege situasjonar ved at rullestolar, sykklar eller barnevogner blir plassert inne under modular med stor fallhøgde. Dette kan medføre stor fare for skade ved fall frå modulane.

Meir informasjon om Klatrejungel AS

Om ein ynskjer meir utfyllande informasjon om Klatrejungel AS og om klatreparkane vi leverer, kan ein finne det på heimesida vår.

Adressa dit er: [klatrejungel.no](https://www.klatrejungel.no)



Kvifor velje Klatrejungel AS

Klatrepark som er tilpassa terrenget

Takka vere metoden vi nyttar for å feste stolpane, er det ikkje store krava til grunnen. Den må bestå av rimeleg fast masse, og vanleg jord/grunnmasse blanda med stein går fint. Der må og vere rimeleg god drenering eller området må ha eit visst fall. Der er såleis vanlegvis små og til dels, ingen kostnad med tilrettelegging av grunnen, t.d. med utskifting av masse.

Samstundes er opplegget vårt slik at modulane kan følgje terrenget når det er ein del fall. Dette gjer at ein kan unngå å fylle ut for å få det heilt flatt, noko som forenkler arbeidet og ein unngår høge kantar ved fyllingskanten.

Bevisst planlegging og metodisk oppbygging

Klatreparken vår er ingen leikeplass – i klassisk forstand.

Den er ein planmessig utforma aktivitetsarena, der leiken er eit middel for å motivere til aktivitet. Men i tillegg til det, er den ein arena som utfordrar ferdigheit og vågemot. Vi legg stor vekt på at modulane på ulikt vis, skal vere motorisk utfordrande. Utforming av modulane og vekslende vanskegrad er bevisst tilrettelagt for at alle skal oppleve utfordring. Samstundes er dei utforma slik at alle får til noko. Ikkje minst, er modulane med stor høgde, viktige for alle. Dei ulike modulane er difor sett saman slik at alle lett kan kome seg til dei mest attraktive modulane. Ingen blir ståande utanfor.

Store skilnader


Ved samanlikning av modulane i klatreparkar frå ulike tilbydarar, vil ein sjå store skilnader på dei ulike modulane og måten klatreparken er bygd opp.

Grunnideen vår er rundløyper

Ein vil sjå stor ulikskap i måten dei ulike modulane er sett saman til eit samanhengande system. Tanken bak klatreparken vi har utvikla, er at der er mange rundløyper og alternative ruter ein kan ta. På denne måten blir klatreparken ein arena for gruppeleikar som sisten og "politi og røvar", noko som er sentralt som motivasjonsfaktor for å skape aktivitet. For å få oppleving av samanhengande ruter, er det avgjerande at alle rutene, dvs. alle modulane, er i god avstand frå bakken.

Overkroppen treng trening

I klatreparkane våre er alle modulane forma for å stimulere heile kroppen, men vi har særleg lagt vekt på å få til utfordring for overkroppen – armene må brukast mykje og aktivt. Det er grunn til å vere merksam på dette



tilhøvet. Det er lett for at det blir mykje modular/utstyr som aktiviserer beina mest. Forutan ballansetrening, gir statiske modular som stubbar, stokkar og dekk relativt lite motorisk utfordring og då, mest berre for underkroppen. Ei anna sak er at det er knytt lite spaning til å gå eller springe over statiske modular like over bakken.

Klatrepark eller leikeplass?

Som nemnt, er klatreparkane våre, i klassisk forstand, ingen leikeplass. Dette kan vi seie av di vi har sett variert motorisk utfordring i høgsetet. Dette er og ein viktig del av bakgrunnen for at KUD ga opning for at klatreparkane våre kunne bli godkjend som nærmiljøanlegg. Dei kom såleis i posisjon for å få tilskot frå spelemiddelordninga. Så formelt sett, er klatreparken vår ingen leikeplass, men ein aktivitetsarena med klatring som gjennomgåande aktivitet.

Samstundes er det slik at viss klatreparken skal vere attraktiv for dei større borna og ungdomane, er det avgjerande at klatreparken ikkje minner om ein leikeplass. Det er ikkje nok at det er store og tiltalande anlegg. Viss det minner om ein leikeplass, vil store born og ungdom styre unna.


Store maskar og store høgder gjer det spanande

For at klatreparken skal motivere til aktivitet, er det avgjerande at det er spanande å vere der. Vi brukar heilt bevisst store maskar, og saman med relativt stor høgde, er dette med på å skape ei viss utrygghet og dermed spaning.

For at aktivitetsområdet skal vere attraktivt for større born og ungdom, er det ikkje nok at der er ein og anna modul som er spanande. I tillegg til å sjå spanande ut, må klatreparken i det store og heile, vere reelt utfordrande for at born og ungdom skal få lyst til å oppsøke klatreparken om igjen og om igjen.

Høge modular krev solide stolpar

Stolpane vi brukar, har ein diameter i toppen frå 17 til 25 cm. I rotenden er tjuknaden opp i 35 cm. Dette er ikkje utan grunn. Med modular som har festepunkt over 3 meter oppe på stolpen, seier det seg sjølv at stolpane må vere solide for å tole påkjenninga. Andre leverandørar opererer med høgder på modulane som er vesentleg lågare enn det ein finn i klatreparken vår, og det er godt synleg ved at dei nyttar stolpar som er mykje tynnare enn våre.




Oppsummering

Klatreparken vi har utvikla, er utforma i eit pedagogisk og metodisk perspektiv. Vi trur den inneheld alt ein god klatrepark bør innehalde. Klatreparken vår vart lagt til grunn for satsinga til Sparebankstiftinga og for at KUD godkjende slike klatreparkar som nærmiljøanlegg.

I samanheng med satsinga i fylket, har det vist seg å vere i hovudsak to tilbydarar. Sia både no har ferdige anlegg å vise til, kan ein ved sjølvsyn sjå og vurdere anlegga. Så det er vel verdt å ta turen og vurdere innhald og utforming i høve til dei kriteria som bør ligge til grunn for utforming av ein god klatrepark. Der kan ein vurdere viktige tilhøve som:


- kor attraktivt innhaldet er
- variasjon av modultypar
- vanskegrad
- utfordring for ulike aldersgrupper, også ungdom og vaksne
- attraktivitet som arena for gruppeleik
- holdbarheit, dvs kvalitet på stolpar, boltar og anna utstyr
- utsjånad/estetikk

Det er såleis gode grunnar til å studere og samanlikne klatreparkar frå ulike leverandørar. Innhald av modular og måten klatreparken er bygd opp på, vil vere avgjerande for at klatreparken skal bli den aktivitetsarenaen som Sparebankstiftinga og fylkeskulturavdelinga ynskjer skal kome rundt om i fylket.





Moduloversikt (jamfør skissene)

MODUL #	MODULAR I KLATREPARKEN	MERKNAD TIL MODULANE
1	Nettårn – høgde 6,5m	- Klatretårn med to innvendige horisontale nivå - Opningar i innvendige nivå/"golv" for klatring innvendig i tårnet og stige mellom etasjane - Maskene i "yttervegg" er store nok til å kunne klatre inn i tårnet
2	Hengebru av typen Burmabru	Brua er svært opa for å stimulere til bevisst bruk/sikring og det gjer den meir spanande
3	Trekant-forma skråstilt nett - stramt Entre-nett til hengebrua	Skråstilt nett med store maskar som fordrar mykje konsentrasjon og mot om ein skal gå oppeist
4	Nettkombinasjon: "Romstasjonen" a) Nettmaskar i modten forma som ei korg b) 4 stk "armar" på stasjonen som held oppe korga	Opphengstaua smalnar inn mot korga og aukar vanskegraden monaleg. Dette utfordrar ballansen, og overkroppen får stor belastning. Nettorga er korg-/reirforma for å gjere det vanskelegare å passere over og for å skape romkjensle. Ein god stad å stoppe opp.
5	Trekant-forma horisontalt nett med mykje slakk – Entre-nett til modulen "utkikkstårnet"	Nettet har stor slakk for å skape ekstra stimulans til styrke, ballanse og koordinasjon. Blir og ei "hengekøye" å slenge seg nedpå.
6	Nettkombinasjon: "Utkikkstårnet" - tårn m/nettgolv og nettveggar Nettgolv (finmaska) med opning i eine hjørnet	Nett-golv er finmaska for å gjere det godt å sitte på, og skape eit rom det er stas å komme til. Tilkomst ved å klatre over sidenetta eller gjennom opning i golvet.
7	Gangtau under taket på utkikkstårnet,, diagonalt mellom to stokkar	Det diagonale gangtauet gir tilkomst til klatring opp til opninga i golvet og kopling mellom dei tilstøytane modulane.
8	Vertikalt kryssande tau	Stor vanskegrad og stor krav til koordinering ved passering av kryssingspunktet for taua.
9	Vertikalt nett, skråstilt (30°) og vinkla på midten. Horisontalt nett inne i vinkelen på utsida av netta.	Plasseringa gjer at det er naturleg å bruke undersida av nettet (skråstilt), så det fordrar aktiv bruk av armane. Det er krevjande ettersom netta til saman er sju meter langt. Det flate/horisontale nettet på utsida, er ein god plass å stoppe opp og slenge seg nedpå.
10	To parallelle, horisontale ballansetau	Utfordrande: Ein kan krype over eller om ein vågar, kan ein gå på taua over.
11	Trekantforma horisontalt nett med store maskar og mykje heng/slakk	Nettet har mykje slakk for å skape ekstra stimulans til ballanse og koordinasjon. Dette gjer det og godt å sitte i.




12	Trearma gangtau med hengande støttetau	Det er så langt mellom støttetaua at det utfordrar ballanse og koordinasjon.
13	Armgangbøylar	Armgang styrker overkropp og koordinasjon. Armgang med bøylar har høg vanskegrad.
14	Vertikale tau/nett, innsmalna på midten	Nettet er innsmalna på midten (h: 0,5m) for å auke vanskegraden og det blir vesentleg meir bruk av armane.
15	Ballansetau med slakt støttetau	Det slakke støttetauet utfordrar ballanse og koordinasjon + styrke viss ein blir hengande i støttetauet.
16	Ballansetau med slakt støttetau	Det slakke støttetauet utfordrar ballanse og koordinasjon + styrke viss ein blir hengande i støttetauet.
17	Armgangtau med løkker	Armgang styrker overkropp og koordinasjon.
18	Edderkoppnett	Edderkoppnettet har variert storleik på nettmaskene, noko som aukar vanskegraden og styrker koordinering.
19	Ballansetau med slakt støttetau	Det slakke støttetauet utfordrar ballanse og koordinasjon + styrke viss ein blir hengande i støttetauet.
20	Ballansebom i kjetting	Vanskelegare å bruke/passere ved at bommen er hengt opp i kjetting i kvar ende. Stokken har utsparingar/trinn som stimulerer konsentrasjonen og koordinering/ballanse.
21	Vertikale klatrestokkar	Stokkane har utsparingar som fottak slik at stokkane kan forserast. Fottaka har ulik høgde og plassert slik at det utfordrar smart vegval og vågemot.
22	2 ballanseplater på fleksibel fjør	Plasserte slik at det stimulerer til å hoppe mellom platene. Platene er forma slik at dei appellerer til dei som driv med rulle-/snøbrett. Styrker ballanse, koordinasjon og vågemot.
23	Vertikalt nett – innsmalna på midten med form som ei klassisk bilhengebru.	Det smale midtpartiet, gjer det utfordrande og styrker ballanse og vågemot.







Klatrejungel AS

Prosjekt	KLATREPARK		
Utsnitt	Moduloversikt	Nr. 1	
Dato	2016	Erstatning for	Målestokk




Klatrejungle AS		
Prosjekt	KLATREPARK	
Utsnitt Planteikning (i målestokk)	Nr.	2
Dato	Erstatning for	Målestokk
2016	-	1 : 100




Klatrejungel AS

Prosjekt	KLATREPARK	
Utsnitt	SNITT (i målestokk)	Nr. 3
Dato	2016	Erstatning for - Målestokk 1 : 100



Klatrejungle AS			
Prosjekt	KLATREPARK		
Utsnitt	Perspektiv A	Nr.	4
Dato	2016	Erstatning for	Målestokk
		-	-



Klatrejungel AS

Prosjekt	KLATREPARK		
Utsnitt	Perspektiv B	Nr.	5
Dato	2016	Erstatning for	Målestokk
		-	-

Skildring av produkt og funksjon

Den originale klatreparken

Eit produkt som skapar aktivitet

Klatrejungel AS har utvikla eit aktivitetsområde som i hovudsak består av tau og nettmodular. Konseptet har blitt svært godt mottatt. Vi har kalla aktivitetsområdet ein klatrepark, av di klatreelementet er sentralt i heile området. Med andre ord, det er aktivitet der ein må bruke både armar og bein for ballansens skuld eller for å halde seg fast.

Viktige anerkjenningar

Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane syntest denne aktivitetsarenaen var eit så bra opplegg, at dei ynskjer at alle kommunar i Sogn og Fjordane skal få ein klatrepark. Så sterkt ynskjer dei dette at dei støttar kvar kommune med 250.000 kroner for å stimulere til at dei bygger klatrepark.

Klatrejungel AS har bygd klatreparkar sidan 2004. Tilbakemeldingane er heilt eintydige: dei genererer svært mykje aktivitet, dei er attraktive for born og ungdom (og vaksne) i alle aldrar og på ulike ferdigheitsnivå. Det er og verdt å merke seg at dei lokkar like mykje jenter som gutar til aktivitet.

Dette var avgjerande tilhøve som fylkeskulturavdelinga i Sogn og Fjordane la til grunn då dei søkte kulturdepartementet (KUD) om å få godkjent klatreparken vår som nærmiljøanlegg. Det var ei svært pen fjør i hatten til Klatrejungel AS, då KUD godkjende klatreparken vår som eit nærmiljøanlegg.

Godkjenninga gjer det mogeleg å søke inntil 300.000 kroner i tilskot frå tippemidlane for å realisere ein klatrepark.


Mange referansar

Klatreparkane våre har fått stor merksemd. Mange klatreparkar er bygde, men vi har ikkje hatt ein einaste reklamasjon. Dette er vi stolte av og det er eit resultat av at alt vi leverer, har topp kvalitet.

Storleiken/tjuknaden på stokkane, dimensjonering av boltane som festar modulane, kvaliteten på tauverket – alt er dimensjonert for å tole svært intensiv og kraftig bruk, også av storvokste personar.

Tilbakemeldingane frå klatreparkane vi har bygd, er elles eintydige.

Born og vaksne er kjempenøgde, både for den aktiviteten dei skapar og for kvaliteten vi leverer.



Planlagt for å skape aktivitet og meistring

Klatreparkane våre er ingen leikeplass – i klassisk forstand

Laga for å motivere

Den er ein planmessig utforma arena der leiken er eit middel for å motivere til aktivitet. Men i tillegg til det, er den ein arena som utfordrar ferdigheit og vågemot. Aktiviteten kan vere rein rekreasjon eller meir eller mindre fysisk trening.

Leik som metode

Gjennom den naturlege trongen til stimulering og aktivitet, vil born søke til leik. I dagens samfunn vert urovekkande mykje av denne trongen tilfredsstilt gjennom dataspel og fjernsyn.

Grunnplanken i klatreparkane våre er å lage ein arena som stimulerer lysta på leik og gjennom det skape variert og utfordrande aktivitet.

Meistring

Kanskje den mest avgjerande kjensla for å utvikle eit born i positiv retning, er kjensla av meistring. Difor er klatreparkane våre utforma for at born og ungdom på ulike ferdighetsnivå skal oppleve det. Vanskegraden varierer slik at alle får til noko, samstundes som der vil vere noko å strekke seg etter.

Rekreasjon


Når born er saman i leik og aktivitet, er samveret sentralt. Klatreparkane våre er av denne grunn utforma med element som inviterer til å stoppe opp – til å slenge seg ned og «henge» der for ei stund.

Trening

Klatreparkane våre er utforma for å stimulere og utfordre heile kroppen. Vanskegraden varierer frå element til element og alt etter kva fart ein har. Klatreparkane våre vil såleis vere ein god arena for variert trening, og den vil gi variert og god trening anten det er full fart i gymmen eller styrketrening for friidrettsgruppa eller andre.

Spenning og frykt freistar

Det er ikkje tvil om at det er dei høge klatreelementa som skapar mest spaning. Ein journalist formulerte det slik om oss: «Bygger klatreparkar så utrygge som mogeleg – det må kjennest litt farleg ut for ungane når dei klatrar».



Her har journalisten peika på noko av det mest sentrale i klatreparkane våre. Det er fleire faktorar som bidrar til dette.

Full fart høgt oppe

I klatreparkane våre er modulane vesentleg høgare enn det som er vanleg, så aktiviteten går føre seg i stor høgde frå bakken. Dette er ein avgjerande faktor for at klatreparken skal verke attraktiv for større born og ungdom. Aktivitet høgt oppe, er ein sentral faktor for å gjere klatreparken utfordrande og spanande.

"Utrygt"

Vi brukar bevisst svært store nettmaskar i modulane våre. Med maskar på 40 – 70 cm er det innlysande at det er utrygt og ein vil intuitivt oppleve at her er det god grunn til å halde seg fast. Så paradoksalt nok – kjensla av det utrygge, gjer at det blir trygt.

Fellesleikar motiverer til aktivitet

Samansetting av modular til eit system med rundløyper, er sjølve grunnideen for klatreparken vi har utvikla. Klatreruter på kryss og tvers, inviterer til fellesleikar som sisten og «politi og røvar». Slik blir leiken ein katalysator for intens og variert aktivitet. Betre form for trening fins vel knappast, og er vel eigentleg å anbefale også for vaksne.

Topp kvalitet på alt utstyr

Klatrejungel AS brukar kun materialar og utstyr av beste kvalitet

Tauverk


Ekstrem slitestyrke – tilnærma vandalsikkert

Tauverket består av seks kordar og kvar kord har ei kjerne av tvinna stålvåierar som er 2,5 mm tjukke. Kvar kord er dekkja av ein solid polyesterstrømpe. Det 16 mm tjukke tauet har ekstrem slitestyrke og er svært bestandig mot sol, ver og vind.

Taua blir forankra i stolpane med grove, gjennomgåande boltar.

Enkelt vedlikehald

Tauet er tilnærma vandalsikkert, som betyr at det er tilnærma usliteleg ved normalt bruk og lite utsett for hærverk. Skulle det likevel skje at nokon skulle skade tauverket med stålkutterverktøy, lar det seg enkelt reparere.



Fargar

Tauverket leverast i desse fargane: raud, blå, gul, grøn, svart, lys grå og hamp.

Stolpane

Stolpane blir handborka med motorsagfres, så forma på stokkane blir bevart. For å forsterke inntrykket av naturlege stokkar endå meir, ynskjer vi at sagbruket leverer stokkar som både er skeive og ekstra knudrete. Resultatet er stolpar som får ei skulpturell utforming.

Handsaming av stolpane

Etter borking blir stolpane tørka. I tørkinga krympar veden og det vil naturleg danne seg sprekker i yteveden. Stolpane blir impregnerte i topp og botn før dei blir beisa med to strok beis.

For å forhindre rote, blir stolpane påmontert stålskinner som stolpesko. Desse blir så festa i bakken med betong.

Balansestokken

Balansestokken blir laga av storvaksen furu vi får frå saga til Anders Eikås på Eikås i Jølster.

Den er eit fast innslag i klatreparken. Den er vanskeleg å forsere, men er i tillegg ei triveleg, lita huske.


Utforminga er heilt unik. Den har både ei form som gjer den utfordrande å kome over, i tillegg til at den har ei skulpturell utforming.

Balansestokkane er beisa ved montering.

Balanseplater

Balanseplatene er ovale plater med lengde 110 cm og breidde 40 cm som er montert på ei stålfjor. Desse blir levert av norsk leverandør.

Det er god ballansetrening å stå på dei. Samstundes er det utfordrande å hoppe frå eine ballanseplata til den andre. Dei har form som eit wakeboard, så i tillegg til å vere ein modul i klatreparken, appellerer balanseplatene også til dei som likar rullebrett eller «snøfjøl».





Miljøprofil

Lokale leverandører

Vi ynskjer å nytte oss av produkt som er tilverka så nært som mogeleg. Tauverket og netta vi brukar, er ikkje mogeleg å produsere i Noreg, så desse må vi hente frå Tyskland.

Men elles blir alt vi nyttar, levert frå firma i Sogn og Fjordane.

Handtilverka produkt

Men i tillegg til at vi nyttar lokale leverandører, er vi svært stolte over at vi leverer produkt som kvar på sin måte, representerer skikkeleg handverk.

Nettproduksjonen

I den vesle fabrikk i Asslar i Tyskland, blir kvart tau og kvart nett tilverka for hand og utforma ut frå dei spesifikasjonane som gjeld kvar einskild modul i kvar einskild klatrepark.


Stolpane

Vi brukar kvalitetsfuru frå skogane i indre Sogn til stolpar i klatreparkane. Men i tillegg til kvaliteten på treverket, gir handbarking av stolpane eit visuelt løft for klatreparkane.

I klatrestolpane er det laga fottrinn i ulike høgder for å forme utfordrande klatreruter på stokkane. I stokkane elles er det laga fottrinn for å gjere det mogeleg å gå mellom modulane utan å vere i bakken.

Balansestokken

Ballansestokken er ein fast modul i klatreparken. Den er utvikla og tilverka av oss. I tillegg til å vere ein utfordrande modul, har den ei skulpturell utforming som er unik for kvar park, noko som kjem av at kvart stokkeemne skapar si eiga form.



Om firma Klatrejungel AS

Adresse: Angedalsvegen 30
6810 Førde

Dagleg leiar: Rune Berge

Telefon: 99 20 50 90

E-post: rune@klatrejungel.no

Heimeside: klatrejungel.no

Bankkonto: 3705.12.59131

Org.nr.: 913 319 753 MVA



Rune Berge (66)

Firmaet Klatrejungel AS . . .

- ✚ vart etablert i 1996
- ✚ held til i Førde i Sogn og Fjordane
- ✚ har heile landet som arbeidsfelt
- ✚ står uavhengig i forhold til leverandørar og produsentar av leikeplassutstyr

Kompetanse

Brei erfaring – Solid kompetanse

- ✚ Innan undervisning . . .
Rune Berge er spesialpedagog (lærarskule + 2. avdeling spesialpedagogikk), og har fleire års praksis innan skule, barnehage og barnevernsinstitusjon.
- ✚ Innan handverk . . .
Han har møbelsnekkerutdanning og fleire års erfaring innan husbygging, innan andre handverksfag og som vaktmeister.
- ✚ Innan forskrift og standard for leikeplassutstyr . . .
I samarbeid med Norsk Allmennstandardisering og Produkt- og Elektrisitetstilsynet, har Rune Berge som deltakar i den faglege referansegruppa, vore med i arbeidet med å utarbeide den norske standarden for leikeplassutstyr (NS-EN 1176/1177).

Med røynsler innan undervisning, som handverkar og gjennom arbeidet med CEN-standard, har han førstehands erfaring med kor "skoen trykkjer", både med tanke på dei pedagogiske behov og ynskje i skule og barnehage, og med bygningsmessig teori og praksis.

Sentrale område i Klatrejungel sitt arbeid

- ✚ Få til aktivitetsområde som er trygge nok og som oppfyller krava i "Forskrift om sikkerhet ved leikeplassutstyr", i "Lov om helse, miljø og sikkerhet" og i "Forskrift om internkontroll".
- ✚ Tilrettelegge uteområda i skule og barnehage slik at det skaper trivsel og allsidig aktivitet og gjennom det imøtekomme pedagogiske behov og utfordringar.
- ✚ Vise alternativ til "katalog"-apparat og A4-leikeplassar
- ✚ Vere kreativ i høve til utforming, tilrettelegging og bruk av leike-/uteområdet, slik at behovet for kjøpte leikeapparat blir minimalisert.
- ✚ Lage til uteområde som bygger på og utnyttar, topografi, terrengformasjonar/-variasjonar og lokale tilhøve elles.
- ✚ Nytte naturmaterialar som tre, steinar og terreng for utforming av nye leike/aktivitetselement
- ✚ Få til utvikling av leike-/uteområde uten at det skal koste for mykje, men likevel slik at kvaliteten blir tatt i vare.
- ✚ Stimulere til god, variert og utfordrande leik på tilrettelagde leikeområde og elles.
- ✚ Skape gode oppvekstforhold for barn i urbane område.

Forretningside

Ideutvikling og stimulering til gode og trivelege aktivitetsområde og uteområde slik at born og unge får eit oppvekstmiljø som stimulerer til allsidig aktivitet samstundes som områda blir gode å vere i også for vaksne folk. Vidare å skape leike-/uteområde i skular og barnehagar som tar i vare pedagogiske utfordringar i forhold til motorisk, sosial og emosjonell utvikling.

Filosofigrunnlag

Tru på at utforminga av leike-/aktivitetsområdet kan ha avgjerande betydning for å stimulere til god og nødvendig aktivitet gjennom aktiv så vel som roleg leik.

Tru på at ein gjennom bevisst tilrettelegging av aktivitetsområdet, kan bidra til at borna får nok utfordring og utprøving av eigne grenser. Vidare at ein gjennom slik aktivitet, vil vere med å gi og forsterke eit positivt sjølvbilde og tru på eiga meistring, og dermed vere med på å få ei god og styrkjande utvikling av heile mennesket.

